

Flora kommune står klar til å betale sin halvpart, men ikkje fylket:

Fylket tværer på vedtak

SKORPA: Flora kommune har allereie sett av 3 millionar til ferjelem på Skorpa. Det har ikkje fylket gjort.

DAVID E. ANTONSEN
david.antonсен@firdaposten.no
947 80 313

Flora kommune varsla tysdag om oppstart av planarbeidet for Joneset på Skorpa. Føremålet med dette er å legge til rette for hytter der, samt gjere endringar i eksisterande plan for veg og bygging av ei brukbar ferjekai på Skorpa. Tiltakshavar, Anne-Lene Normann, har hatt planar om dette hyttefeltet ei stund no, men har mangla ein ferjelem som er god nok.

Men det er framleis i det blå når noko faktisk blir gjort med ferjelemben.

Ballen på fylkets halvdel

Flora kommune har allereie sett av midlar til halvparten av det ein trur det vil koste å realisere ferjelemben i budsjettet for 2017, nemleg 6 millionar kroner. Ønsket er at fylket stiller opp med sin halvpart på 3 millionar dei også. Ballen ligg dermed på fylket sin halvdel.

I hovudutvalet for samferdsle i fylket 27. november i fjor vart det riktig nok gjort vedtak om å gå i dialog med Flora kommune for å få på plass denne ferjelemben «slik at den kan innarbeidast i budsjettprosessen», som det heiter i det lite



SKORPA: Æsøysundet på Skorpa.

ARKIVFOTO: ARE FJELLESTAD

konkrete vedtaket - for det er ikkje tidfesta når tiltaket vil vere på plass i budsjettet. Så langt er det i alle fall ikkje inne i 2017-budsjettet til fylkeskommunen.

- 2017-budsjettet vart setla i desember, så vi snakkar i realiteten om å få det inn i 2018-budsjettet?

- Ikkje nødvendigvis, svarar fylkesdirektør for samferdsle, Dina Lefdal.

- Når vi kjem til ei form for semje med Flora kommune,

blir det innarbeidd i budsjettet til fylket der og då. Det er mogleg å få det inn i 2017-budsjettet. Men eg kan ikkje seie om vi får det til i 2017 eller 2018, men vi må ha ein ambisjon om at vi klarar lande dette i løpet av året, strekar ho under.

- Det hastar

Fylket og kommunen hadde i januar eitt første dialogmøte, utan at ein kom så veldig mykje lengre i å konkretisere vidare.

- Vi blei i det minste samde

om kva vi skal diskutere, strekar Lefdal under.

På hi sida av bordet for fylket sit samferdslerådgevar Einar Årdalsbakke. Han ser fram til dialogen vidare.

- Vi ser positivt på dialogen dette, seier han.

Varaordførar Jan Henrik Nygård (V) i Flora kommune meiner fylket ikkje må tvære lenge med å få ferjelemben inn i budsjettet.

- Dette hastar å få på plass denne, for både oss politikara-

ne som har fatta vedtaket, men ikkje minst for dei som vil etablere hyttefelt der. Det kostar å ha eit hyttefelt planlagt utan å få gjort noko med det. Det er også stor politisk vilje til å få dette realisert så fort som mogleg. Då forventar vi at fylkespolitikarane og administrasjonen følger opp, strekar han under.

Firdaposten har ikkje lukkast å få ein kommentar frå Anne-Lene Normann.

Lektor2: Fekk innføring i økonomisk matte

FLORØ: - Det er imponerende kor mykje enkelte ungdommar har fått med seg av kunnskap om samfunnet.

ARVE OLAV SOLBAKKEN
redaksjon@firdaposten.no
mob 911 77 331

Sparebanken Vest har nyleg hatt 9.-klassingar frå Flora ungdomsskule inne til ein halv dags opplæring i økonomi.



Rente og rentepoeng

- Eg spurte dei om dei visste skilnaden på prosent og prosentpoeng. Ein gut retta opp handa og hadde kjennskap til det. Men han hadde lagt merke til at enkelte i media ikkje visste det, fordi orda blir ofte brukt om kvarandre, fortel banksjef Jan Petter Thomsen i Sparebanken Vest i avd. Florø og Førde.

- Vi gir ungdommane praktisk opplæring og oppgåver i økonomi. Dei får lære kva eit

lån eigentleg kostar og skilnad på til dømes annuitet og serie-lån, fortel han.

Sparebanken Vest har ein tydeleg strategi på å få best mogleg kontakt med dei unge.

- Vi ser på det som ein del av samfunnsoppdraget vårt. Desse ungdommane er dei som skal skape framtidens verdier og vonleg kjem flest mogleg av dei tilbake til lokalsamfunnet for å jobbe her. For dei er dei digitale tenestene, som til dømes Vipps- ein naturleg del av det å vere bankkunde.

Lektor2

Opplegget er del av prosjektet Lektor2, der skule og næringsliv gjennom tettare samarbeid søker å stimulere elevane til å lære seg realfag og styrke rekrutteringa til desse. Samstundes får lærarane meir kunnskap og kompetanse i samarbeid med næringslivet. Heile 9. trinnet på Flora ungdomsskule er med på opplegget.



9C: Klasse 9C på besøk i Sparebanken Vest der dei fekk innføring i økonomi og fekk teste mattekunnskapen sin.

FOTO: PRIVAT

- Eit veldig bra opplegg som vi har hatt kvart år. Først foredrag, så jobbe med oppgåver, der banken stiller sterkt med sine tilsette, understrekar lærar Anne Margeret Kalberg.

Flora ungdomsskule har også samarbeid med Steinvik fiskefarm (8 trinnet), Polarny (10 trinnet) og E - Trygg (9 trinnet). Desse bedriftene tek imot alle elevane på trinnet, ca. 150 elev-

ar.
- Intensjonen er at elevane skal komme ut i bedrifter og sjå at det dei lærer på skulen er noko som dei får bruk for resten av livet.